



Åsmund Åmli på Dønhaug i natt

Åsmund Åmli frå Valle har med bandet sitt klart å slå skikkeleg igjennom med ein av dei mest særprega dialekter i landet. Det er i seg sjølv ein prestasjon som fortener respekt. I eit intervju for 2 år sidan sa han at

han aldri kunne tenkje seg å gå attende til engelsk som sangspråk. At han flørtar med engelsk likevel, i kveld på Dønhaug til dømes med tigervisa til Buck Owens, får vera tilgjeve, Sesongopninga med Åmli Band vart uansett ein suksess med over 400 framømte. Taket på Dønhaug er 450.



Ein frå Valle og 3 frå andre kantar

Det vart ein ny leksjon i det Åmli eigentleg har halde på med i 15 år land og strand rundt: Ein skikkeleg marknadsføring av Setesdalen. Og det fantastiske i denne samanhengen er at dei 3 andre i bandet slett ikkje er frå Setesdalen, men frå heilt andre kantar av landet - til og med Mo i Rana. Slikt må ein kalla nasegrus lojalitet mot leiinga! Åmli-kvartetten kjem godt ut av det samanlikna med andre bygdeband i landet sjølv om dei førebels ikkje har kome opp på nivå med Vassendgutane. Det er fordi dei er ekte og trufaste mot det ein med eit fint ord kallar konseptet.

Bjørn Stiauren, Stian Øvland (tkstforfattar) og Dag Woif har tilpassa seg intensjonane til sjefen, som spelar ei dominerande rolle på scena utan at det er overspel. Musikalsk sett er Åmlis band fengande og dansbart og har ein høg songfaktor. Det er ikkje mange som ikkje har høyrte 'Eg er kåt, eg er galen'.

Tekstforfattar Øvland har naturleg nok mykje han skal ha sagt både mellom og på linjene. Noko av det viktigaste han har sagt om målsettjinga til bandet er at det tek med bygda til byane og gjer den populær. Dermed blit bygdas identitet styrka over heile landet.

Vi håpar det gror fram enda fleire bygdeband enn dei som har dukka opp og gjort suksess dei siste åra. Dei gjer ein viktig kulturinnsats.

Av Ola Matti Mathisen



Åmli byr på dansbare låter - med meining